



Familien Anja, Ole Kristoffer, Nils Rainer og Nikolai samla rundt bordet.

Alt er klart for sending av NRK programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu frå Vågen på Skorpo. Filminga og redigeringa er avslutta og familien har hatt programmet til gjennomsyn. Det 40 minuttar lange programmet er sett opp på sendeplanen søndag 7. oktober på NRK1. Der ingen skulle tru at nokon kunne bu har eit høgt sjåartal og er såleis ei god profilering av Skorpo, Uskedalen og Kvinnherad.

Programleiar Arve Uglum fortel til Uskedalen.no at redaksjonen er godt nøgd med opphaldet og fimminga på Skorpo. Målet er å syna personlegdomane og korleis ein familie på fire lever og bur på ei øy, tett på resten av bygda, men likevel isolert. I programmet vert det lagt vekt på oppveksten og fritida til gutane Nils Rainer og Nikolai. Filmteamet føl dei på veg til skulen og på musikk- og idrettsaktivitetar.

Andre vektlagde område i sendinga er om Ole Kristoffer og restaurering av eldre farty. Gardsdrifta er filma med mellom anna levering av mjølk på Sandakaien. Historia om korleis Anja kom til Skorpo vert fortald. Ho var med på seglbåt frå Tyskland. Dei la seg til for kvelden på Skorpevågen der ho møtte Ole Kristoffer. Dei fann tonen og vart eit par.

Filmopptaket, som er gjort over tre årstider, har også med glimt om Karl Heinz Braumann. Han kom til Vågen i 2006 og har sidan budd der og er ein del av det sosiale livet på øya.

Programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu har i alle år hatt eit høgt sjåartal. Sendinga er difor ei god marknadsføring og profilering av Uskedalen og Skorpo.

Programleiar er Arve Uglum. Fotografen er Torje Bjellaas.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Torje Bjellaas



Ole Kristoffer Vågen har slipp og er fartybyggjar. Bilete syner restaurering av eldre farty.